

Årsmelding 1998

Jærmuseet har også i 1998 hatt eit godt driftsår. Trass i svært avgrensa utstillingstilbod har den utoverretta verksemda vore stor med i alt 21 opne arrangement eller aktivitetsdagar, og med eit samla besøk på nærmere 23.000. Arbeidet med samlingane burde vore høgare prioritert, men dette er vanskeleg så lenge museet manglar eigen mekanikar. Arbeidet med å realisera utstillings- og magasinbygget er det viktigaste bidraget til å sikra større delar av samlingane.

Me vil særleg peika på følgjande positive framsteg i 1998:

- Arbeidet med utstillings- og magasinbygget har komme eit avgjerande skritt vidare ved at både Norsk Kulturråd og Rogaland fylkeskommune har gitt til-sagn om løyingar.
- Ein har fått høve til å presentera prosjektet både for kulturministeren og Rogalandsrepresentantane i kul-turkomiteen.
- Prosjektet L-97 og musea har komme godt i gang. Dette inneber ei vesentleg utviding av museet sitt undervisningstilbod - særleg ut frå målsetjinga om å legga større vekt på naturfaget i formidlinga. Det er også positivt at tiltaket styrkar kontakten og samarbeidet mellom regionmusea i fylket.
- Me gjer merksam på at Jærmuseet, via Museumsnett Norge, har fått eiga web-side på internett.
- Forskningsprosjektet "Plast i landbruket" har komme eit betydeleg stykke vidare i 1998.
- Me vil og peika på at Jærmuseet har vore fast base for to av dei som fullførte hovudfag ved Universitetet

i Bergen dette året.

- "Teknikkens dag" var også eit svært vellukka arran-gement dette året, og bidrar til å synleggjera tekno-logiinteressa i denne regionen
- Det er gledeleg at utleige og servering av grupper har tatt seg opp att.
- Museet har hatt sterkare fokus på samlingane, og har særleg fått betre oversyn over arkivmaterialet. M.a. har me fått ordna Erlandsarkivet.- Me har fått ein bety-deleg tilvekst til fagbiblioteket gjennom gåver frå fleire landbrukskontor.
- Oppdrags-, sals- og renteinntektene blei dette året langt større enn budsjettet, og førte til eit hyggeleg økonomisk årsresultat.

JÆREN MUSEUMSRÅD

Jæren museumsråd hadde årsmøte 25. mars på Tungenes fyr, Randaberg. Av 29 rådsmedlemmer oppnemnde av kommunane og fylkeskommunen møtte 19 represen-tantar, av desse 1 varamedlem. Tilsaman møtte 24 av 36 rådsmedlemmer.



Frå "Teknikkens dag" 14. juni. Eit Tierra mikrofly har fanga publikums interesse.

Jone Vadla blei attvaled som styreleiar og Roald G. Bergsaker som nestleiar.

Anfinn Lorentzen blei attvaled som rådsordførar og Olav Sande som varaordførar.

Styret

Jone Vadla, private medlemmer, styreleiar
Roald G. Bergsaker, Rogaland fylkeskommune, nestleiar
Ole I Bore, Klepp

Karin Røyseland Jordal, Sandnes

Anfinn Lorentzen, Time

Eldar Odland, Hå

Einar Jan Ronæs, Sola

Olav Sande, Randaberg

Liv Todnem, Gjesdal

Einar Lea, private medlemmer

Knut Austad, representant for dei tilsette

Varamedlemmer:

Lars L. Salte, private medlemmer
Ruth Thu, Rogaland fylkeskommune
Helge Braut, Klepp

Svein T. Berge, Sandnes
Turid Barvik, Time
Rasmus Pollestad, Hå
Målfrid Røyneberg, Sola
Kari Austenå, Randaberg
Endre O. Haus, Gjesdal
Karl Sveinsvoll, private medlemmer

Styret har i meldingsåret hatt 5 styremøte og behandla 33 saker. Dei viktigaste spørsmåla har vore saker i samband med vidare utbygging og finansiering av nytt museumsbygg, 2. byggesteg, og økonomi og budsjettsaker.

PERSONALET

I 1998 har Jærmuseet hatt følgjande stillingar:

Faste stillingar:

Målfrid Snørteland, styrar/konservator, 1/1 stilling
Målfrid Grimstvedt, konservator/nestleiar, 1/1 stilling
Lars Ødemotland, gardsstyrar/formann, 1/1 stilling
Knut Austad, museumslektor, 1/1 stilling
Inger Smidt Olsen, konservator Flyhistorisk Museum Sola, 1/1 stilling
Bjørg Sandve, formidlar/assistent 1/1 stilling

Andre engasjement:

Torill Tegle, 40 % stilling, PU-aktivitetar
Else Milde Berge, 50 % -/70 %, kontor

Ingvor Varhaug, reinhald
Torbjørn Hertel-Aas, ekstrahjelp, hovudfagsstudent

Diverse tiltak/praksisplassar:

Oddvar S.E. Lode, 100%, gardsarbeid/div. vedlikehald
Ingeborg Grøsfjeld, 01.01.- 08.05, diverse kontor/servering, Astrid Skjeggenvold, vår -98, div. kontor/registrering, Vibeke Sørskog, onsdagar frå haust 1998, servering pensionistane, div. kopiering m.m.

Sivilarbeidarar:

Aage Tjemsland 30.01-24.03, div. vedlikehald



Opning av utstillinga "Frå omgangsskule til folkeskule". "Omgangsskulelæraren" Torgny Vaaland og "elev" Ida Klev Selvikvåg i Kviahuset.

Odd Kjetil Liland, 22.06.-31.12, vedlikehald, gardsarbeid, formidling

Timeengasjement ekstra faghjelp, restaurering, vakt, servering, avløysarar, 4H-gardsvertar, ferievikarar:
Svein Høyland, Anne Jorunn Frøyen, Helga Ødemotland, Ingrid Varhaug, Jon Obrestad, Sverre Skjæveland, Sverre S. Undheim, Tove Njølstad, Helene Østby Larsen, Frode Østby Larsen, Sigrun Ødemotland, Anne Lise Larsen, May Tove Kvía, Hege Tjøtta, Ingunn Reime, Gjertrud Håland, Siri Lode, Ragnhild Thu, Rannveig Nærland, Solveig Søyland, Kjell Arild Nielsen, Anne Mette Bjelland, Else Barstad, Rønnaug Undheim,

Møyfrid Østby Larsen, Tone Marie Nærland, Lars Ole Grimstvedt

Friviljuge vakter i heimehuset:

Arnulv Brekke, Inger og Alv Zachariassen, Ånund Søyland, Åsa og Tor Høiland, Martin Torvund, Gunnlaug Høyland, Joakim Anda, Anne Lise Østby Larsen, Ruth Veland.

Tilsaman hadde Jærmuseet vel 12 årsverk i 1998.

Arbeidet med 2. byggesteg, utstillings- og magasinbygget

Arbeidet med utstillings- og magasinbygget har komme nokre steg vidare i løpet av 1998, men ikkje så langt som styret kunne ønskja. Det er gledeleg at Norsk Kulturråd i mars dette året vedtok å løyva 2 mill. kroner til 2. byggesteg - fordelt med 1 mill. på 1998 og 1 mill. i 1999. Rogaland fylkeskommune/ fylkesutvalet gjorde i januar eit intensjonsvedtak om at dei ville følgja opp med sin del. Dei fleste kommunane hadde sett av midlartil 2. byggesteg i økonomiplanane 1998-2001. På denne bakgrunn blei arbeidet med vidare prosjektering av utstillings- og magasinbygget sett i gang våren 1998.


Noka avklaring om konkrete midlar frå fylkeskommunen blei det likevel ikkje før fylkestinget handsama langtidsbudsjettet i desember. Då blei det sett av 2,5 mill. i år 2000 og ein tilsvarande sum i 2001.

ØKONOMI OG ADMINISTRASJON

Driftsbudsjettet for Jærmuseet i 1998 var på vel 5,1 mill. kroner. Det faste offentlege tilskotet utgjorde kr. 2,853.000,- (eller ca. 55%) mot kr. 2,770.000 i 1997. Samla lønsutgifter inkludert sosiale kostnader, utgjorde vel 2,8 mill. Storparten av dei offentlege tilskota går såleis med til å dekka arbeidskostnadene.

Takka vera langt større oppdrags-, sals- og renteinntekter enn budsjettet, har Jærmuseet også dette året hatt store eigeninntekter som har medført eit godt og hyggeleg økonomisk resultat.

Desse inntektene er likevel så pass variable at museet ikkje kan basera t.d. faste stillingar eller basisaktivite-



Frå aktivitetsdagen "Den gamle garden" der publikum studerer dreining på loftet i Kviahuset.

tar på eit slikt økonomisk grunnlag. Difor minner me om at museet ikkje har erstatta stillingane som mekanikar og aktivitetsleiar då desse personane slutta. Sjølv om me føreset ein viss pris- og lønskompensasjon frå fylkeskommunen og kommunane, fører og dei betydelege lønsmeirutgiftene etter sist lønsoppgjer til at dei offentlege tilskota dekker ein mindre del av museet sine faste utgifter.

Kafèdrift, servering, anna sal.

Kafedriften har følgt same opplegget som i fjor. Omsetninga i kafeen er nokså lik fjaråret. Men serveringa til grupper har tatt seg betydeleg oppatt i 1998 - frå 154.000 i 1997 til 243.000. Omsetninga i museumsbutikken ligg og på omlag same nivå som i 1997. Boksalet er derimot vesentleg redusert, noko som har samanheng med at "Med sau en til heis" ikkje lenger når store salstal.

Oversyn over fordelinga av ulike inntekter.

	1997 kr.	%	1998 kr.	%
Fylkeskommune/stat	1,884.000	36,0	1,940.000	37
Eigarkommunane	886.000	17,0	913.000	17
Sysselsetj./atføring	120.500	2,3		
Særlege avtalar /prosjekt*	1,039.000	19,0	789.000	15
Eigeninntekter **	1,262.000	24	1,452.500	28
Renteinntekter	116.500	2,2	153.500	3

* Omfattar psykisk utviklingshemma, private og offentlege øyremerka tilskot, ulike prosjektfusjonar og bruk av overførte prosjektløyvingar.

** Inkludert i eigeninntektene er oppdrag, sal av bøker, annonseinntekter, driftsinntekter på Kvía, medlemspengar, billettinntekter og andre arrangementsinntekter, servering, kafe, utleige og diverse suvenirsal.

Diverse gratisytingar.

Hå kommune dekker ein del kostnader som ikkje kjem fram i museet sin rekneskap ved at kommunekassen fører rekneskapen og betalar ut lønna. Dette er til svært stor hjelp for oss. Museet må sjølv stå føre kontorføring av løn, andre utgifter og inntekter, kassaoppgjer, fakturering etc.

JÆRMUSEET- KVIA 4H-GARD

Drifta på garden har også dette året tatt sikte på å visa eit allsidig husdyrhald og ulike plantekulturar med utgangspunkt i 1950-talet. Ein har i hovudsak følgt same driftsopplegg som tidlegare år.

Husdyra

Kyrne: I 1998 hadde museet følgjande besetning:

- 03 Plomrei, kalva 27.06, død kalv
- 09 Fagrei, skal kalva 1999
- 12 Åse, slakta 18.08. Kalva 2.02., kossekalv 20
- 17 Silkrei d.y., kalva 10.11, døde tvillingar
- 18 Stutkalv etter 03, f. 10.04.1997, slakta juni 1998
- 19 Kvige etter 09, f. 28.10. 1997
- 20 Kvige etter Åse, f. 2.02. 1998

Griser

Museet hadde ved årsskiftet 1997/98 ei sugge. Ho har berre hatt eitt kull dette året (25.01); av desse var 11 levande.

Gjess/Høns

Framleis 4 gjess. 10 jærhøns og to hanar.

Hestar

Gamle Englida måtte dette året sendast til dei evige beitemarker p.g.a. sjukdom. Mykje tyder på at ho fekk slag. I staden fekk Sandrina og Veslemøy selskap av ein ny hest, Gråmøy. Denne er 10 år gammal, er "OL-sertifert" og blei kjøpt av i september av Siv Anita Vølstad, Gjesdal.

Sauer

Jon Obrestad har framleis nokre sauer på Kviagarden. Museet har hatt to kopplam.

Åker og eng

På "Trikanten" blei det sett poteter (Beate). Avlinga dette året var ikkje den beste. Dessutan var det eit turråteår av dei store. Storparten av avlinga vart pakka til mat av Nopo Klepp. Litt vart seld på museet.

På "Vestre Vodlen" var det og poteter, (Kerrs Pink). I tillegg nokre fører med kålrot.

På "Vodlen" blei det dette året dyrka havre. Noko blei skore med sjølvbindar. Resten av kornet låg flatt og vart hausta med skurtreskar og levert på Lode Mølle.

På "Tingsteinsvodlen" er det framleis eng. Enga har blitt fornja og avlinga har vore god. I førsteslåtten tok ein sikt på å turka noko som flathøy og resten blei hesja. Men diverse var høyveret sær ille i år. Og etter konsultasjonar med fleire fagfolk og analysar av høyet, blei heile høyavlinga kassert. Andreslåtten blei pakka i moderne rundballar og gav godt resultat.

"Bekkjavodlen" blei nytta som beite for kyr og kalvar. Hestane beita og i Hanabergmarka.

Jordbruksinntektene, d.v.s. sal av grønsaker, husdyr og produksjonstilskot, blei tilsaman vel 92.000,- kroner, litt mindre enn i fjor. Dette skuldast f.o.f. därlegare potetavling. Utgiftene til gardsdrifta, minus arbeidskostnader, utgjorde omlag 119.000- Dette er ein del meir enn i fjor, og har samanheng med at museet laut kjøpa nytt høy. Utgiftene til dyrehald har også vore ein god del høgare i 1998.

Elles er me svært glade for at Jærmuseet framleis får behalda Oddvar Lode på Kviagarden. Han tar seg av det daglege stellet i vekene og gjer elles førefallande arbeid.

Til stell i helgar og høgtider har museet i hovudsak nytta timeengasjerte avløysarar.

I 1998 har museet fått eigen hestepassar. Siri Lode har fått ansvar for å stella og trimma hestane nokre timer

i veka. Ho har elles hjelpt til med undervising, vakt, servering m.m.



Harald Hadland dekkjer til vipereiret før gjødselspreiing.
Frå utstillinga "Fuglen og fôrhaustaren".

Me vil retta ei hjarteleg takk til *Samarbeidsutvalet for landbruksorganisasjonane* som dette året har gitt kr. 50.000,- i driftsstøtte til Jærmuseet-Kvia 4H gard. Takka vera denne løyvinga har museet kunna engasjera meir ekstrahjelp på garden og til formidlinga her.

Det økonomiske grunnlaget for museums- og 4H-garden er likevel ennå usikkert.

Manglande fast personale fører m.a. til at ein ikkje får oppfylt målsetjingane om å ta vare på og vedlikehalda kunnskapen om eldre arbeidsmåtar og reiskapsbruk på ein systematisk måte.



Frå aktivitetsdagen "Den gamle garden". Målfrid Grimstvedt og Bjørg Njå stampar vadmål med litt hjelp frå publikum.



Påskeaktivitetar i kaféen.

AKTIVITETSDAGAR OG UTOVERRETTA VERKSEMD

Jærmuseet hadde ope for publikum frå 1. mars til 15. november. I perioden 15.06 - 15.08 hadde me også laurdagsope og utvida opningtid til kl. 17.00 på vanlege kvardagar. Museet er ope for grupper heile året.

I 1998 hadde museet 21 opne arrangementellar dagar med aktivitetstilbod for publikum, dei fleste på sundagar. Dette er seks færre enn i fjor.

Hjarteleg takk til alle som har hjelpt oss i året som gjekk! Ein del av dei spreke pensjonistane frå Nærø Sanitetsforening held fram som "vertar" i heimehuset på sundagane.

Som i 1997 blei "Teknikkens dag" arrangert med

stor innsats frå mange teknisk interesserte og kyndige medhjelparar. Medlemmer i Jæren Jakt- og Fiskelag stod og føre programmet på fleire aktivitetssundagar våren 1998 i samband med utstillinga "Jeger og fangstmann".


Vestlandske Skolemuseum bidrog til utstillinga "Frå omgangsskule til grunnskule." Stavanger Museum/Naturhistorisk avdeling, Rogaland ornitologiske Forening og Jæren ornitologiske Forening var med på utstillinga. "Fangstmann og jeger" og "Fuglen og fôrhaustaren"

Me vil og takka NSB for godt samarbeid om SESAM-toget som også dette året gjekk i rute mellom Nærø stasjon og Kvia stasjon i dagane 13. - 21.juni. Det blei seld 2169 togbillettar, betydeleg mindre enn i fjor.



Bondekvinnelaget i Sandnes laga til strikkeutstilling i Bøndenes Hus.

Hinna videregående skole studerer utstillinga "Og Gud skapte kvinnen".



Utstillinger:

- "Fangstmann og jeger". Jakt og fangst på Jæren 1.03.-15.05
"Frå omgangsskule til grunnskule" 15.03.-15.05
"Fuglen og fôrhaustaren". 24.05.-20.09
Fugleliv på Jæren i det mekaniserte jordbruket"
"Og Gud skapte kvinnen" 27.09.-15.11
(vandreutstilling frå Kvinnemuseet, Kongsvinger)


Aktivitetsdagar/arrangement:

- 01.03: Opning av utstillinga "Fangstmann og jeger"
"Villmarkshow"/lysbildekåseri v/Morten Brekke, luft-
geværbane, utstopping av dyr og fuglar
15.03: Opning av utstillinga "Frå omgangsskule til grunnskule" Møt omgangsskuelæraren i Kviahuset
22.03: Aktivitetar v/Jæren Jakt- og Fiskelag:
Luftgeværbane, lading av riflepatroner, laging av vill-
markskoppar og knivar
29.03: "Den gamle garden" - aktivitetsdag med baking, tek-
stilarbeid, handverk etc.
5.04: Påskeaktivitetar - kokning og maling av påskeegg m.m.
26.04: Program v/Jæren Jakt- og fiskelag :
gevirmåling v/autorisert dommar Svend Stenbrenden,
føredrag om fellefangst v/Johan Collbjørnsen
3.05: 4H-dag. Aktivitetsdag i samarbeid med Vibå 4H
klubb.
10.05: Opning av "krigsmenneløypa" og naturløypa i
Hanabergmarka. Samarbeid med Hå kommune/miljø-
vernsjefen.
24.05: Opning av utstillinga "Fuglen og fôrhaustaren"
Lysbildekåseri: "Fuglelivet i det jærske kulturlandska-
pet" av Knut Henrik Dagestad:
13.06: Opning av SESAM-toget, aktivitetar på Kviagarden
og i Hanabergmarka
14. 06: "Teknikkens dag"
21. 06: Slåttadag
Juli: "Møt bondekona på Kviagarden", dagsprogram
05.09: "Husflidens dag"
Aktivitetar v/Jæren Husflidslag.
06.09: "Bli kjend med fuglane i nærmiljøet." Registrering og
merking av fugl v/Stavanger Museum. Laging av fug-
lekassar
13.09: Friluftsdag med 4H-klubbane

- 20.09: Forskningsdagane 1998. Arvid Lillehammer: "Å
skapa seg eit bilete av fortida"
27.09: Opning av utstillinga "Og Gud skapte kvinnen"
25.10: Frå korn til mjøl og graut
11.11: Ope møte i tilknyting til utstillinga "Og Gud skapte
kvinnen"
- Korleis møter me krava og presset kring ungdom,
mote og skjønnhetsideal?
Samarbeid med Nærø Sanitetsforening.
15.11: "Mykje godt frå sauen". Slaktedag og kjøtdag.
Demonstrasjon og smaksprøvar på tradisjonsmat frå lam
06.12: Ta toget og møt Kvianissen på Jærmuseet. Særskild stopp
på Kvia stasjon. Aktivitetar på garden og i museumsbyg-
get. Samarbeid med NSB og 4H-klubbane.

Sommartilbodet

Sommartilbodet dette året var lagt opp etter same leis-
ten som i 1997. Frå siste veka i juni til midten av august
hadde me særskilde dagsprogram med "bondekona på
Kvia" i hovudrolla. Aktivitetane tok stort sett utgangs-
punkt i gardsarbeid eller matlaging - steiking av potet-
kaker eller syrekaker, kokning av "bede" til middag o.likn.
Bjørg Sandve stod føre storparten av programmet, men
fekk avløysing av Siri Lode mot slutten av sesongen.
Som i fjor var Svein Høyland og Helene Østby Larsen
engasjerte som ferievikarar. Elles er køyreturar med hest
og kjerre faste og populære tilbod for barnefamiliane.
Og publikumsundersøkinga viste at gjestene våre jamt
over var godt nøgde med opplegget. I juni var det fleire
grupper frå 4H sin fylkesleir på Vigre som var med på
ulike aktivitetar på museums- og 4H garden - t.d. riding,
kokning av såpe og laging av tradisjonsmat. I juli hadde
museet ein del gruppebesøk i samband med speidarlei-
ren på Kvalbein.



Elin Trollerud som lærar i utstillinga "Frå omgangsskule til folkeskule".

Publikumsbesøket var noko høgare denne sommaren. 2381 registrerte besøkande i juli 1998 mot berre 1646 i juli 1997. Om dette skuldast det dårlige sommarveret eller meir aktiv marknadsføring, er vanskeleg å avgjera.

Skular og barnehagar

Besøket av skuleklassar og barnehagar har halde seg stabilt i høve til fjoråret. I alt hadde museet besøk av 272 ulike skuleklassar og barnehagar med tilsaman 5438 elevar/barn. I 1997 var talet 246 skuleklassar og barnehagar med tilsaman 5397 barn. Det store fleirtalet er framleis grupper frå barneskulen, 154 stk. Elles var her 20 grupper frå ungdomsskulen, 16 klassar frå vidaregåande skular, 9 studentgrupper og 73 barnehagar.

Elevar i 3.- og 4. klasse frå Bø og Motland skule på Nærø har, tilliks med tidlegare år, følgt onnearbeidet gjennom jevnlege besøk i perioden mars - desember, i alt 38 gonger til saman.

I tillegg har "uteskulen", klasse 5-7, frå Bø skule vore med på 10 opplegg. I 1997 var det samla besøket frå desse to skulane 68 gonger. I år deltok berre eit klassetrinn ved Bø skule og her var samtidig færre parallelle klassar.

Storleiken på gruppene har i gjennomsnitt vore noko mindre dette året. Fleire undervisningsinstitusjonar utafor Nærø nyttar seg etter kvart av dei ulike pedagogiske opplegga ved Jærmuseet, særleg frå Sandnes og Stavanger. Når det gjeld grunnskulen og undervisningsopplegget "Læra ved å gjera" kan ein merka seg at fleire skular i 1998 samstundes tinga same undervisningsopplegg for heile klassetrinnet. Og nokre skular tinga også plass både vår og haust for same klassetrinnet, slik at elevane skulle få betre innsikt og meir praktisk røynsle med den regionale natur- og kulturhistoria. Lærarkolleget i fellesskap ved fleire av skulane synest nå å planlegga at "Læra ved å gjera" skal inngå som ein del av undervisningsplanen når den vert fastlagd. Slik sett må ein kunna seia at Jærmuseet sin grunntanke om eit aktivt og praktisk tilrettelagt undervisningsopplegg har fått innpass hjå stadig fleire. Og at samanhengen og nærlæringa til dyr, jord, planter og den eldre reiskapskuluren grip om eit mangfold som både elevar, lærarar og foreldre tykkjer er så vel lærerikt og inspirerande som holdningsskapande.

Besøk av grupper frå ungdomsskulen og oppover har som regel samanheng med prosjektarbeid eller førespurnad om tilpassa opplegg for særskilte elevgrupper. Desse gruppene er ofte små, frå 1-10 elevar. Klassane på små- og mellomtrinnet i grunnskulen har jamnt over vore større i enn i fjar, noko som har medført at museet har auka personalressursane for å halda kvaliteten opp - og av omsyn til sikkerheita.

Pågangen frå grunnskulen og barnehagar for å vera med på "Læra ved å gjera" var i periodar større enn kva Jærmuseet kunne ta i mot. Ein har samtidig fått fordelt skulebesøka over store delar av skuleåret, men januar, februar og byrjinga av september er rolege, noko som også er forståeleg når ein tenkjer på årstidene og på skulane sine skuleplanar.

"Julenisefesten" før jul er stadig svært populær og 42 grupper var med dette året. I juli og august var her 5 feriekubbar.

"Prosjekt L-97 og musea"

Jærmuseet er eitt av seks museum i "Prosjekt L-97 og musea". Prosjektet starta hausten -98 og skal vara til hausten -99. Det er tilsett ein prosjektkoordinator løna av Norsk museumsutvikling. Rogaland er valt ut som einaste fylket til dette prosjektet. Målsetjinga er å tilpassa musea sine pedagogiske tilbod til grunnskulen sin læreplan L-97. Resultatet frå arbeidet i Rogaland skal ha overføringsverdi for andre museer og skular i landet.

Noko av bakgrunnen for prosjektet er å synleggjera musea som "kunnskapsbank" overfor skulen:

- utvikla nye undervisningsopplegg,
- innarbeida nye metodiske innfallsvinklar til eksisterande tilbod med tanke på ei meir aktiv skuleformidling.

Jærmuseet har inngått samarbeid med "uteskulen", 5.-7. klasse, på Bø skule. Elevane skal vera med på eit undervisningsopplegg der målete er å tilbakeføra eit mindre område i Hanabergmarka til lynghei. "Uteskulen" følgjer ein arbeidsplan med hovudvekt på praktisk tilrettelagt arbeid avhengig av årstidene og framdrifta i forvaltningsarbeidet. Arbeidsoppgåvene er tverrfagleg samtidig som elevane deltek på tvers av klassetrinna noko som samsvarar med intensjonen i L-97. Sjølv om prosjektet vert avslutta hausten -99, vonar ein at undervisningsopplegget kan halda fram vidare, slik at det vert kontinuitet og samanheng i utarminga av den delen av Hanabergmarka som forsøket omfattar.

Prosjektet er eit godt tiltak for å nytta mangfaldet i kulturlandskapet meir aktivt i undervisninga overfor ulike skulegrupper, og for publikum elles.


Samanliknar ein det integrerte natur- og kulturhistoriske formidlingsarbeidet ved Jærmuseet med andre norske museer i dag, ligg Jærmuseet langt framme. Den "nye" sentrale museumsfilosofien synest difor å likna mykje på Jærmuseet sitt daglege formidlingsarbeid gjennom fleire år.

Grupper, servering og utleige

Servering av grupper og utleige har tatt seg noko opp igjen i 1998. Både talet på grupper og omsetninga har



"Kvianissen" Torbjørn Hertel-Aas helsar på publikum.



Sesamtoget på Kvial stasjon.

auka. Omsetninga auka frå omlag 154.000 til 243.000, medan inntektene frå utleige auka frå ca. 63.000 til 111.000.

I 1998 hadde museet besøk av 76 slike grupper (mot 057 i fjor), dei fleste med omvising og servering.

Av desse var 27 bedrifter, (19), 20 organisasjoner (19), 20 offentlege etater eller verksemder (15), 3 private og 6 andre grupper.

I tillegg var museet utleigd 40 gonger (32) fordelt på 9 bedrifter, 4 lag, 8 offentlege etatar/verksemder, 4 barneskular (barn+vaksne) og 15 private.

Totalt besøk

Medrekna enkeltbesøk, skular, barnehagar og ulike andre grupper registrerte Jærmuseet dette året 22.800,

mot 24.100 besøkande i 1997. Av desse var omlag 13.300 vaksne og vel 7500 barn - resten uspesifisert.

Totalt har Jærmuseet registrert 448 gruppebesøk i 1998. Av desse er 25 møter på museet. Sjølv om besøket i juli var ein del høgare enn fjaråret, gjekk likevel det samla besøket noko ned, m.a. på våren. Dette skuldast først og fremst færre selde billettar på SESAM-toget. Fleire sommarbesøk medførde at billettintekten er litt høgare enn i fjor.

Tilbud til psykisk utviklingshemma

Avtalen med helse- og sosialetaten følgjer same opplegg som tidlegare år. Psykisk utviklingshemma brukar Jærmuseet og Kviagarden 2 - 3 dagar i veka.

Torill Tegle har ansvaret for gruppene torsdag og

fredagar. Aktivitetane omfattar turgaing og andre aktivitetar i Hanabergmarka, riding og køyring med hest og kjerre. For somme betyr også dyra mykje - ta og kjenna på dyra, vera med å mata dei o.likn.. Er det kaldt og surt ver ute, har gruppene fleire inneaktivitetar og disponerer eit rom i museumsbygget til dette.

I samarbeid med Hå kommune blei det skipa til ein friluftsdag for psykisk utviklingshemma med stor deltaking frå heile regionen - heile 250 stk. Tilbakemeldingane frå dei andre kommunane som deltok var og svært positive.

ANNA UTOVERRETTA VERKSEMD

Andre arrangement utanom museet:

I den grad Jærmuseet har kapasitet til det, vil me gjerne delta på ulike tilstellingar rundt om i regionen. Dette året har museet vore med på følgjande arrangement:

- Jærdagen. Jubileumsutstilling 28. - 31. mai
- Potefestivalen 4. - 6. september
- FK-messa i Orrehallen 12. - 14. november

"Sjå Jæren"

"Sjå Jæren" 1998 hadde 8 artiklar som tok føre seg ulike tema: Amerikatelegrafen på Nærland, kniv- og sakseproduksjonen til TKS, flyhistorie, heiasjefordninga og særmerkte jærbuar som Torkel Lende og Torkell Mau land. Boka var på 168 sider, vart trykt i 1000 eksemplar og kom ut i byrjinga av desember.

Redaksjonsnemnda bestod av Gro Person Trodahl,

Ståle Undheim, Målfrid Grimstvedt og Målfrid Snørte land.

Utstillinga "Med sauens til heis"

Utstillinga som Jærmuseet laga til opninga i 1995 blei dette året vist på Norsk Landbruksmuseum, Ås. Jærmuseet var med då fylkesmann Kåre Willoch opna utstillinga 27. januar. Det var godt besøk på utstillinga som stod like til oktober månad.

FORSKING OG DOKUMENTASJONS-PROSJEKT

Forskningsprosjekt "Plast i jordbruket", som er delprosjekt i eit nasjonalt forskningsprosjekt "Plasten i det moderne Norge", heldt fram dette året; sjå førrå års melding. Konservator Målfrid Grimstvedt har ansvaret frå Jærmuseet. Ho har dette året deltatt i to prosjektsamlingar og arbeider på ein artikkelen "Plastgjenstandar. Ei kartlegging av plastens veg inn i jordbruket". I juni starta museet feltarbeid i tilknytting til prosjektet. Me intervjuar gardbrukarar på Elgane i Hå og på Orre i Klepp. Dette arbeidet vil fortsetta i 1999.

Direktør Gunnar Nerheim ved Norsk Teknisk Museum er prosjektleiar for det nasjonale forskningsprosjektet. Han er også rettleiar for hovudfagstudentar i historie ved Universitetet i Bergen. To av desse arbeider med jordbruket og reiskapsindustrien på Jæren i etterkrigstida. Dei nyttar arkiv og bibliotek på museet til deler av arbeidet sitt. Den eine, Anne Jorunn Frøyen, var med på feltarbeidet. Den andre, Svein Høyland, var

oppe til eksamen hausten 1998. Han leverte då oppgåva "Stein og jord. Utviklingstrekk av reiskapsindustrien på Jæren, og reiskapsbruken i jordbruket, frå kring 1950 - 1970".

Torbjørn Hertel-Aas har arbeidd vidare med delar av materialet frå sauaprosjektet i hovudfagsoppgåva si i historie "Heieføring og heiesjefar gjennom 160 år." Han tok eksamen våren 1998.

I haust har han starta opp med eit prosjekt om mekaniseringa i jærsk jordbruk etter krigen. Det er utført åtte intervju frå seks gardsbruk i Sandnes, Klepp, Time og Hå. Me har lagt vekt på å plukka ut bruk som har spesialisert seg på ulike produksjonar. Det er meiningsa å skriva ein artikkel i "Sjå Jæren" ut frå undersøkinga.

Museet har halde fram med prosjektet jærsk mattradisjonar. Bjørg Sandve og Målfrid Snørteland har ansvaret for dette prosjektet. I løpet av 1998 har ein komme godt i gang med å bearbeida og systematisera materialet. Målfrid Snørteland har orientert om prosjektet på gardsmatkurs skipa til av fylkesmannen si landbruksavdeling.

LAGER, TILVEKST OG SAMLINGAR

Innsamling

Museet har også dette året måttat takka nei til mange tilbod, men me set pris på at folk kontaktar oss.

Det har komme inn nokre gjenstandar, i samband med aktuelle oppgåver me arbeider med. Frå Norsk Teknisk Museum har me fått overført ein vaierdriven gravemaskin som dei i 1975 fekk frå Br. Søyland. Det

er den første maskinen i serien Brøyt 4K frå 1952. Me fekk samstundes ein Fordson Major traktor som var bruktt til å trekka gravemaskinen. Gjenstandane blir førebels oppbevarte hos Trygve Stangeland AS, Sola. Frå Klepp har me fått ferdig restaurert karjol og trille.

Bedriftsarkivet til Erlands Maskin as, Bryne frå 1953 - 1983.


Me har fått ein god tilvekst til bedriftsarkivet til Kyllingstad Plogfabrik as.

Faglitteraturen frå landbruket har også auka i biblioteket vårt. Frå Landbrukskontoret på Rennesøy har me fått omlag 13 nye hyllemerter og frå Fylkesmannens Landbruksavdeling 7 hyllemerter med landbruksstatisikk, småskrift, tidskrift, årsmeldingar mm.

I samband med utstillinga "Då moten kom..." på Hå gamle prestegard blei det samla inn T-skjorter frå folk over heile Jæren. Museet fekk på det viset omlag 220 skjorter frå vår samtid. Me har også fått ei større samling klede frå ein familie i Time frå perioden 1950 - 1970-talet.

Takk til følgjande gjevarar:

Gabriel Garborg, Time; Inger Storhaug, Klepp; Torill Larsen, Klepp; Olav Tendeland, Sandnes; Torunn Tunheim, Time; Raghild Egeland, Klepp; Sverre og Mary Skjæveland, Time; Jåtten fritidsgård, Stavanger; Kåre Gudmestad, Hå; Edvard og Myrtel Grødem, Hå; Odd K. Sirevåg, Hå; Gerald Ueland, Hå; Ragnar Fitje, Hå; Terje O. Bø, Hå; Nils Oma, Time; Tor og Pernille Rønneberg, Time; Sven Hauge, Klepp; Kverneland-Underhaug v/ P.K. Lode, Hå; Oddvar B. Høyland, Hå; Rasmus Friestad, Hå; Erlands Maskin as, Time; Bjørg Sandve, Hå; Johan Romslo, Hå; Sigve Romslo, Hå; Anna Opstad, Hå; Gunvor Skår, Hå; Inger Zakariassen, Hå; Else Milde Berge, Time; Kverneland



Frå Audamotland. Lars Ødemotland legg på plass takpannene på heimahuset. Under er taket isolert på "gamlemåten" med lyng.



Frå Audamotland: Ståle Skretting og medhjelpar i arbeid på taket.

syrefrie esker.

I samråd med teknisk konservator er også dei fleste traktorane på Hognestad innsette med konserveringsolje. SKR er lokalisert til AmS og er eit prøveprosjekt der dei fem regionmusea deler ei teknisk konservatorstilling.

Registrering

Arbeidet med å ordna og regisra samlingane er avhengig av tilgang på ekstrahjelp. Dette året har me gjort ein ekstra innsats med å nummerera og registrera klessamlinga. Saman med Eirik Aarebrot har me pakka tekstilene i esker og laga oss hyller til oppbevaring av desse.

Me har nytta ekstrahjelp til å ordna og registrera



bedriftsarkivet til Erlands Maskin as. Det var i dårleg forfatning på grunn av fukt og vann.

Den store tilveksten til biblioteket er me i ferd med å ordna og registrera. Kulturdepartementet har pålagt musea å laga handlingsplanar for å registrera etterslepet. Jærmuseet har ikkje sjanse til å få dette arbeidet utført innanfor ordinære budsjetttrammer.

Museet har særleg store restansar m.o.t. katalogisering av foto og reiskapskatalogar.

BYGNINGAR OG ANLEGG

Reiskapshus

I 1998 fekk ein fullført det nye reiskapshuset. Storparten av arbeidet blei utført av Kvía AS, medan arbeidet med dørene/portane blei gjort av byggmeister Ståle Skretting.

Audamotland

Det er ikkje utført vesentleg restaureringsarbeid på heimhuset dette året.

Derimot har me fått utført ein del vedlikehald på driftsbygningen i samarbeid med Hå kommune/miljøvernsefjen. Delar av driftsbygningen skal nyttast som kanolager og aktivitetsrom i samband med Audamotlandstjørna. Til dette tiltaket blei det løyvd friluftsmidlar og midlar frå "Aksjon Jærvassdrag" som dekka ein vesentleg del av utgiftene. I tillegg har museet nyttat ein del eigne midlar.

Seminar, møter, orienteringar, representasjon, styre/utval:

Seminar, samlingar på Jærmuseet:

26.-27.03: "Røter i fortida - inntekt i framtida". Seminar arrangert i samarbeid med Norges Museumsforbund

08.09: Brannøving for tilsette og vakter.

19.-20.11: Personalsamling, Foreneset

Museet sine tilsette har deltatt på følgjande tilskipingar, møte etc: Målfrid Snørteland har deltatt/representert Jærmuseet på følgjande arrangement:

07.01: APO: kurs om hovudavtalen, Stavanger, 20.01: møte/orientering for kulturstyret i Hå, Jærmuseet, 28.01: møte med NMU om L-97 prosjektet (saman med Stavanger Museum), Oslo, 19.02: omvising/orientering om Jærmuseet for Riksantikvaren i Zimbabwe m/følgje, 20.02: årsmøte i Senter for konserveringssamarbeid, AmS, 14.03: omvising/orientering om Jærmuseet for den amerikanske ambassadøren David Hermelin m/følgje, 18.03: møte med Flyhistorisk Museum Sola, 19.03: orientering om mat-prosjektet på gardsmatkurs, Øksnevad, 26.-27.03: Røter i fortida - inntekt i framtida", seminar, Jærmuseet, 15. - 17.04: seminar for museumsleiarar, NMU, 23.04: omvising og orientering om Jærmuseet for Garborg-komiteen, 24.04: omvising og orientering om Jærmuseet for representantar frå



Omvisting på museet med kulturminister Anne Enger Lahnstein, Stein Sægrov, Målfrid Snørteland, Bjarne Kyadsheim og ordforar i Hå, Eldar Odland.

ulike reiselivsbedrifter i regionen, 07.05: omvising og orientering om Jærmuseet for informasjonsutvalet i Rogaland Bondelag, 12.- 13.05: nordisk museumsfestival, AmS, Stavanger, 24.-27.05: årsmøte Norges Museumsforbund, Hardanger, 9.06: møte med Egge Museum og NLM, Steinkjer, 18.06: omvising og orientering om Jærmuseet for fylkeskulturstyret, 9.-13.09: studietur for museumsleiarane i Rogaland til Nord-Irland, 16.09: møte med Jærrådet om 2. byggesteg, Stavanger, 18.09: seminar for tilsette i kulturverninstitusjonane i Rogaland i samband med Forskningsdagane, 26.09: omvising og orientering om Jærmuseet for kulturminister Anne Enger Lahnstein m/følgje, 07.10: møte på "Veveriet", Ålgård, føredrag om bevaring v/Else Rønnevik (Jærmuseet medarrangør), 09.11: Museumsforbundet sin haustkonferanse, Oslo, 27.-28.11: seminar om norsk landbrukshistorie, Stjørdal, 02.-03.12: regional reiselivskonferanse, Sandnes, 2.12: møte med museene i Sandnes; 07.12: føredrag om juletradisjonar, Stavanger Høyres pensjonistforening, 11.-13. 12: studietur til Stockholm og møte med Lantbrukarnas Riksforbund i samband med matprosjektet, 22.12:

pressekonferanse i samband med restaurering av Moi-gravemaskin, Klepp.

Målfrid Snørteland er styremedlem/medlem i følgjande styre/utval: styret i Norges Museumsforbund, NMU sitt IT-utval, prosjektgruppa for Hanabergmarka, styringsgruppa for L-97 prosjektet, juryen for byggeskikkprisen i Gjesdal.

Målfrid Grimstvedt har deltatt/representert Jærmuseet på følgjande arrangement: 05.01 Planleggingsmøte for lærarane ved Klepp Ungdomsskule; 07.01: föredrag om norske bunader for internasjonal kvinnegruppe i Shell; 16.01: møte om Forskningsdagane på Stavanger museum; 27.01: opning av Jærmuseet si utstilling "Med sauen til heis" på Norsk Landbruksmuseum, Ås;

28.01: møte i referansegruppa på Sjølingstad Ullvarefabrikk, Mandal; 09.02: møte med Helge Ingstad om Gunvor Trætteberg prosjektet; 19.02: omvising/orientering om Jærmuseet for Riksantikvaren i Zimbabwe m/følgje, 2.-6.03: deltok på NMUs seminar om samtidsdokumentasjon, Lillehammer; 18.03: møte med Humanistisk datasenter i Bergen om Outline; 18.03: møte med Flyhistorisk Museum Sola, 23.03: föredrag om strikking i Rennesøy Husflidslag, Viklevåg; 15.05: omvising for arkeologen Gerhardt Ermischer frå bymuseet i Aschaffenburg, Bayern, Tyskland; 28.05: omvising på Krossens Havremølle; 23.05: seminar for industrimuseene, Tyssetdal; 24.-27.05: årsmøte Norges Museumsforbund, Hardanger; 19.06: gjenopning av Tra' e, Time; 26.06: Omvising på Jærmuseet for landets fylkesrådmenn; 04.09: deltok på opninga av kulturhuset på Kvævemoen, Sirdal; 12.09: orientering på Vadmål-seminar for Rogaland Husflidslag, Stavanger; 13.09: omvising og utstilling på Figgjo, Sandnes; 18.09: seminar for tilsette i kulturverninstusjonane i Rogaland i samband med Forskningsdagane; 26.09: omvising og orientering om Jærmuseet for kulturminister Anne Enger Lahnstein m/følgje, 07.10: förelsing om klesskikk på Høgskolen i Rogaland, Stavanger; 26.10: förelsing i lokalhistorie for Friundervisningen, Sandnes; 28.10: föredrag om ull og tekstilarbeid i Svhun Husflidslag, Stavanger; 2.12: møte med museene i Sandnes; 29.10 11.-13. 12: studietur til Stockholm og møte med Lantbrukarnas Riksforbund i samband med matprosjektet.

Inger Smidt Olsen: 2.-6.03: deltok på NMUs seminar om samtidsdokumentasjon, Lillehammer; 18.03: møte med Flyhistorisk Museum, 05.05: omvising på Jærmuseet og Flyhistorisk Museum for John Magnus Jensen frå Luftfartsverkets

Etatsmuseum/Norsk Luftfartsmuseum i Bodø, 12.-13.05: nordisk museumsfestival, AmS, Stavanger, 24.-27.05: årsmøte Norges Museumsforbund, Hardanger, 18.09: seminar for tilsette i kulturverninstusjonane i Rogaland i samband med Forskningsdagane. Ho representerte Jærmuseet i arrangementskomiteen for Forskningsdagane i Rogaland. 9.-10.12.: Edb-kurs (registreringsprogram) i Bergen Ho har dessutan delteke på styremøte og møte i arbeidsgrupper på Flyhistorisk Museum gjennom heile året.

Bjørg Sandve: 6.-7.02: årsmøte i FNG, Lindeberg 4H gard, Oslo, 7.05: informasjonsutvalet Rogaland Bondelag, 13.-14.05: "Den grøne skulen", seminar FMLA, Stavanger, 25.-28.06: 4H gard representant i leirkomiteen for Rogaland 4H, 3.09: stand på Nærødagane, 24.-28.09: European City Farm Conferance, Rambouillet, Frankrike, 28.10: föredrag om "Læra ved å gjera", Vigrestad og Ogna Bondekvinnelag, 17.12: kåseri om juletradisjonar, Nærø sanitetsforening, 3.10.17.12: innslag på NRK lokalen om bakteradisjonar før jul. Ho har representert Jærmuseet i styret for "Potetfestivalen" på Bryne.

Knut Austad: 23.03.-28.03: Grindbygde hus i Vest-Norge, seminar Bryggens Museum, Bergen, 13.-14.05: "Den grøne skulen", seminar FMLA, Stavanger, 14.-15.09: Integrering av natur- og kulturhistorie i formidlinga, seminar Trondarnes distriktsmuseum, Harstad.

Lars Ødemotland: 12. - 14.11: stand og demonstrasjon av treskemotor, FK-messa i Orrehallen

Else Milde Berge: 06.10: APO-kurs om tariffoppgjaret 1998, Stavanger.

MEDLEMMER OG ABONNENTAR

Frå 1998 begynte museet med ei ny ordning der ein skil mellom abonnentar og medlemmer. Abonnentane betalar kr. 180,- og får årboka gratis tilsendt. Medlemmene får årbok + gratis tilgang til museet. Dei betalar då ein høgare pris, kr. 250,- pr. år. Det er og høve til å teikna familiemedlemskap til kr. 350,- pr. år. Med den nye ordninga valde 76 abonnement på årboka, medan museet nå har 138 personmedlemskap, 19 familiemedlemskap,

35 lag og 9 bedrifter - i alt 201 medlemskap. (I fjor hadde me i alt 281 medlemskap). Sjølv om medlemsstalet diverre stagnerer, har den nye ordninga medført ein auke i posten abonnement/medlemskap på omlag 9000 kroner frå kr. 60180,- til kr. 69110,-.

I tillegg har museet seld 7 årskort (enkeltpersonar) og 38 familiekort. Desse korta gir fri inngang på museet i eit år. Inntektene her er førde på billettinntekter.

ARBEIDET I KOMMUNANE

Flyhistorisk Museum, Sola:

Jærmuseet og Flyhistorisk Museum Sola hadde i mars 1998 eit fellesmøte for å gå gjennom ansvarsområde, prinsipp og rutinar for museumsarbeidet, samt arbeidsoppgåver og satsingsfelt,. Konservatorars arbeid i 1998 byggjer på konklusjonane frå dette møtet.

Registrerings-/katalogiseringsarbeid: Faste rutinar for mottak og tilvekstføring av gjenstandar, foto og arkivmateriale til museet er innført og lettar dette arbeidet. Edb-registrering av samlingane har gått tregare enn planlagt p.g.a. problem med datakommunikasjonen mellom Jærmuseet og Flyhistorisk Museum. Kataloġiseringa har likevel kome i gang, og dataanlegget ser no ut til å fungera tilfredsstillande.

Bevaring/sikring: I samarbeid med Senter for konserveringstjenester ved Eirik Aarebrot har museet sett i gang følgjande arbeid: Kartlegging av klima i lagerrom (v. hjelp av dataloggar), pakking av uniformar/tekstilar i syrefri emballasje. (Pakkinga vil også halda fram i 1999). Parallelt med pakkinga blir det også rydda og

ordna i magasin/lagerrom. Eirik Aarebrot har også starta arbeidet med reingjering av ein modell av Sola og Forus flyplassar. Ein del gjenstandar har han sett inn med rustbeskyttande olje. Ein del ordning og registrering blir utført av frivillige med rettleiing frå konservator.

Dokumentasjon: Dokumentasjonsarbeidet kring Fjellfly og Snorre Kjetilson har halde fram. Konservator har også gjort nokre andre intervju i 1998.

Formidling: Ein artikkel om Fjellfly og verksemda til Snorre Kjetilson er publisert i Sjå Jæren 1998. Konservator har sidan våren 1998 vore med i ei utstillingsgruppe ved Flyhistorisk Museum. Planar for omarbeidde utstillingar i hangaren blei godkjende av styret for museet og presentert på medlemsmøte hausten 1998. Konservator vil arbeida mykje med utstillinga som skal ha nyopning våren 1999.

Randaberg

Det har vore noko konsultasjon vedr. gjenstandssamlinga og utstillinga i Sjøbruksmuseet. Jærmuseet var med nokre timar for å klargjera utstillingane til sesongen. Det har også vore synfaring til Motorsamlinga og Randaberg bygdemuseum sine magasin på Viste og Tunge.

Sandnes

Jærmuseet var med på Kulturkontoret si planlegging og gjennomføring av Kulturminneverndagen 13. september. Temaet var Figgjo si historie, med vekt på Figgjo trikotasjefabrikk – DFU. Me laga ei lita utstilling som var bemanna heile dagen.

Bondekvinnelaga i Sandnes laga til strikkeutstilling i Bøndenes Hus, Sandnes 14. november. Museet var til stades for å fotografera og videofilma utstillinga.

Krossens Havremølle

Kjellaren i mølla blei reingjord og lagt til rette for utstilling i løpet av våren. Arbeidet blei utført i samarbeid mellom mølla sine folk og folk frå Jærmuseet. Det blei laga ein plan for vidare utvikling av mølla, med omsyn til sikring og istandsetting av maskinar. Det har vore fleire befarings og planleggingsmøte og mot slutten av året blei arbeidet med dampapparat og grynklemma tatt opp igjen.

Time

Det har vore noko konsultasjon i samband med gjenstandsregistrering og anna museumsarbeid.

Gjesdal

Jærmuseet var medarrangør av ope møte om kulturminnevern på "Veveriet", Ålgård.



Saman med Jærmuseet skipa "Håndverksregisteret" på Maihaugen til eit to-dagars seminar om ljåsmiing i Gjesdal Ljåfabrikk og på Jærmuseet.



Hå



Målfrid Grimstvedt var engasjert i arbeidet med å laga utstillinga "Då moten kom..." på Hå gamle prestegard. Ho skreiv også to artiklar til utstillingskatalogen. Ho utførte om lag to månadsverk tilsaman i dette året.

Rekneskap 1998

	Rekneskap 1998	Noter	Rekneskap 1997
INNTEKTER			
Faste offentlege tilskot	2 853 000		2 770 301
Salsinntekter	447 554		341 829
Entreprenørtekter	403 537		371 402
Utleige	111 265		62 965
Boksal	75 256		162 892
Medlemskap/annonser	117 891		112 130
Jordbruksinntekt	95815		98 982
Div. Inntekter	201 014		110 233
Særleg avtalar	350 000		350 000
Bruk øyremerka tilskot	392 140	1	507 718
Refusjonar	47 115		302 700
Sum driftsinntekter	5 094 587		5 191 152
DRIFTSKOSTNADER			
Lønskostnader	2 276 186		234 0561
Honorar	7980		10 500
Sos. Kostnader	522 865		476 342
Innkjøp av varer for sal	288 093		231 871
Kjøp inventar og materiell	152015		157 249
Vedlikehald bygg	247243		78 607
Vedlikehald anlegg	71138		589 806
Vedlikehald samlingar	13 036		15 230
Andre prosjekt	47 133		93 304
Kontor og adm.kostnader	220 858		148 338
Straum og reinhald	150 860		163 968
Lagerleige	42 732		43 474
Avgifter/forsikring	59 808		54 737
Reiser/kurs/transport	164 948		176 231
Gardsdrift	116 942		103 974
Marknadsføring/utstilling	285 859		157 172
Publikasjonar/dokumentasjon	116 562		113 359
Andre driftskostnader	153 158		146 614
Sum driftskostnader	4 937 416		5 101 337
Driftsresultat	157 171		89 815
Finansinntekter:	153 527		116 537
Årsresultat	310 698		206 352

Jone Vadla Roald G. Bergsaker, Ole I. Bøe, Karin Røyseland Jordal





Einar Lea Apfinn Lorentzen





Eldar Odland Einar Jan Rønås



Balansekonto pr. 31.12.1998

	1998	Noter	1997
EIGENDELAR			
Omløpsmidlar:			
Kontantar	5 882		5 936
Bank og postgiro	2 652 660	4	3 456 250
Kundefordrinigar	158 869		74 281
Tilgode Kaja-midlar	0		65 000
Andre fordringar	335 000		9 033
Innskot i Nærø Handelslag	3 153		2 990
Sum omløpsmidlar	3 155 564		3 613 490
ANLEGGSMIDLAR			
Inventar/utstyr	0	2	0
EDB-utstyr	0	2	0
Bygningar	0	2	0
Kvialarden	0	2	0
Samlinger	200 000	5	200 000
Sum eigendelar	3 355 564		3 813 490
GJELD			
Kortsiktig gjeld:			
Leverandørgjeld	360 544		544 089
Skuldig skattetrekk	101 806		105 058
Skuldig arb.gjevaravgift	66 753		64 310
Skuldige feripeng. Inkl. Arb.gj.avg.	242 486		230 590
Skuldig mva.	12 508		11 167
Andre kortsiktig gjeld	5 751		12 283
Forskot forsikring	0		26 350
Sum kortsiktig gjeld	789 848		993 847
Langsiktig gjeld:			
Gjeld til Hå kommune	288 000		335 000
Sum gjeld	1 077 848		1 328 847
EIGENKAPITAL			
Ubrukte midlar/byggetrinn 1	348 875	3	896 500
Ubrukte midlar/byggetrinn 2	40 000		30 000
Andre øyremerka tilskot	524 326	1	504 326
Totalt øyremerka tilskot	913 201		1 430 826
Grunnkapital	200 000	5	200 000
Fri eigenkapital 31.12.1997	853 817		647 465
Årets overskot	310 698		206 352
Sum eigenkapital	2 277 716		2 484 643
Sum gjeld og eigenkapital	3 355 564		3 813 490

Nærø, 17.02. 1998

Olav Sande Liv Todnem Knut Austad




Einar Lea Apfinn Lorentzen



Noter til rekneskap

Note nr. 1: Øyremerka tilskot

Posten består av:	
Tilskot og gåver 1998	412 140
Overført fra 1997	504 326
Overført til 1999	- 524 326
Sum	392 140

Jærmuseet har fått tilskot frå følgjande bidragsytarar i 1998:

Stiftinga UNI	150 000	Brannsikring av Kviagarden
Fylkesmannen, landbr.avd.	100 000	Innsamling av mattradisjonar
Norges Forskningsråd	85 000	Forskningsprosjeket "Plast i landbruken"
Samarbeidsrådet i Rogaland	50 000	Drift av Jærmuseet-Kvia 4H gard
Nærbo Sanitetsforening	5 000	Støtte til møte/»Og Gud skapte kvinnen»
Rogaland Skogselskap	2 140	Skogsloype Hanabergmarka
Sola kommune	20 000	Dataanlegg Flyhistorisk Museum Sola

Note nr. 2: Varige driftsmidlar

Inventar/utstyr	EDB-utstyr	Bygningar			Sum
		Trinn 1	Trinn 2		
Kostpris 1.01. 1998	453.545	178.910	17.931.330	0	18.563.785
Tilgang 1998	0	0	486.901	107.724	594.625
Kostpris 31.12. 1998	453.545	178.910	18.418.231	107.724	19.158.410
Nedskriv. m/inv.tilskot 01.01.98 453.545		178.910	17.931.330	0	18.563.785
Nedskriv. m/inv.tilskot 1998	0	0	486.901	107.724	594.625
Nedskriv. m/inv.tilskot 31.12.98 453.545		178.910	18.418.231	107.724	19.158.410
Bokført verdi 31.12. 1998	0	0	0	0	0

Dei varige driftsmidlane er fullt ut finansiert med tilskot til 1. byggetrinng.

Me har valt å føra tilskotet til frådrag i anskaffelseskostnadene, og får følgjelag ein netto kostpris lik 0.

Det same gjeld for Kviagarden som også er innløyst og restaurert for offentlege tilskot.

Alternativet hadde vore å avskriva dei varige driftsmidlane over levetida, og tatt tilskotet til inntekt i takt med avskrivingane. Dette ville gitt same driftsresultat.

Bygget er fullverdiforsikra. Premiegrunnlaget blei i 1998 indeksregulert med 3,2 % slik at premiegrunnlaget då totalt for hovudbygg, auditorium og verkstad var kr. 21.355.000,-.

For Kviagarden var premiegrunnlaget i 1998 totalt kr. 2.472.000,-

Note nr. 3: Ubrukte midlar byggetrin 1

Norsk Kulturråd	3.700.000
Landbruksdirektøren	150.000
Fylkeskommunale tilskot	5.170.000
Kommunale tilskot	4.852.042
PU/Hå	60.000
Tilskot Hå	2.000.000
Spolemidlar (1997)	200.000
Private gåver til nybygg	2.207.394
Forskningshusleige Hå bygdemuseum	650.000
Renter	181.488
Refusjon mom	289.361
Restubetaling spolemidlar 1998	47.000
Total finansieringsramme	19.507.285
Totalt investert byggesteg 1	19.050.686
Investert byggesteg 2 (forprosjektering)	107.724
Totalt investert	19.158.410
Ubrukte midlar	348.875

Noter til rekneskap

Note nr. 4: Bundne skattetrekksmidlar

Av denne summen er kr. 101.806,- bundne skattetrekksmidlar

Note nr. 5: Grunnkapitalen

I følgje museet sine vedtekter utgjer samlingane Stiftinga Jærmuseet sin grunnkapital. Grunnkapitalen i offentlege stiftingar skal vera minst 200.000,- kroner. Det er vanskeleg å fastsetja samlingane sin reelle verdi, m.a. fordi mange ting er uerstattelege. Premiegrunnlaget for forsikringssummen er oppgitt til kr. 850.000,-.

Forfatteromtale

Målfrid Grimstvedt

f. 1949 i Stavanger. Magistergrad i etnologi ved Universitetet i Oslo. Har arbeidd som konservator ved Jærmuseet sidan 1987.

Audun Øyri

f. 1926 på Frøyland i Time, nå busett i Stavanger. Lege, spesialist i indremedisin. Har sidan 1988 vore redaktør av "Norsk medisinsk ordbok" (Samlaget).